

Mal for registrering i beredskapsskjema COVID-19 i NIR

I samarbeid med FHI, HEMIT, NHN, SKDE og Helse Nord IT har NIR utvikla ei løysing for registrering av pasientar med sjukdomen Covid-19 grunna viruset SARS-CoV-2 i NIR. Løysinga vil danne grunnlag for rapportar til FHI som skal nyttast til monitorering av sjukdommen i Noreg. Det er difor svært viktig at registreringa er rask og nøyaktig, og at opplysningar blir oppdaterte ved endringar undervegs i intensivopphaldet. Det er laga eit Beredskapsskjema etter same lest som influensaregistreringa. Vi har lagt vekt på at registreringa skal vere enkel og lite tidkrevjande. I Beredskapsskjemaet er det viktig å registrere følgjande med det same:

- Dato og tidspunkt for innlegging på intensiv
- Diagnosekategori
- Dato og tid for start av mekanisk respirasjonsstøtte og ECMO, dersom det er starta
- Risikofaktorar

1. Så snart ein pasient med klinisk mistenkt eller bekrefta infeksjon med SARS-CoV-2 blir lagt inn på intensiv skal det opprettast eit intensivskjema i NIR for pasienten. Pasientar som får tatt screeningprøve for SARS-CoV-2 utan klinisk mistanke skal ikkje registrerast ved innkost, men etter-registrerast ved positivt prøvesvar. Logg inn i MRS og søk opp pasienten på vanleg måte. (Sjå [mal for registrering i MRS](#))
2. Opprett intensivskjema. Vi råder til at intensivskjemaet fyllast ut med dei datapunkt ein har, men det er mogleg å fylle dette ut seinare.



HELSE MIDT-NORGE IT MRS Norsk Intensivregister (NIR) Innlogget som Intensiv Testesen Logg ut

Startside Pasienter Skjema Rapportar Importer data fra DIPS Importerte data Pasientsøk

DANSER, FOLKE

| Skjemanavn | Skjemadato | Sist lagret | Status |
|--------------------------------------|------------|-------------|--------|
| Opprett nytt skjema: Intensivopphold | | | |

3. Vel «Tilbake til pasientsiden»



Tilbake til pasientsiden

HOVEDSKJEMA FØRSTE BESØK

- 1. Intensivregisteret >
- 2. Pasient >
- 3. SAPS II >
- 5. SOFA >
- 6. Diagnoser for oppholdet >

Sist lagret i dag kl. 14.28

DANSER, FOLKE

1. Intensivregisteret

Har pasienten ligget > 24 t i intensivsenheten?

Har pasienten fått mekanisk respirasjonsstøtte noen gang i løpet av hele oppholdet (CPAP/maskeventilasjon/overtrykksventilasjon)?

4. Vel «Opprett nytt skjema» → «Beredskap»

HELSE MIDT-NORGE IT **MRS Norsk Intensivregister (NIR)**

Startside Pasienter Skjema Rapporter Importer data fra DIPS Importerte data

DANSER, FOLKE

| Skjemanavn | Opprett koblet skjema | Skjemadato | Sist lagret |
|-----------------|-----------------------|------------------|--|
| Intensivopphold | Opprett nytt skjema ▼ | 25.09.2018 14:28 | 15.11.2018 12:35 (intensivtest@hemit.no) |

Opprett nytt skjema: Intensivopphold

- Beredskap
- Influensaregistrering
- Spørreskjema om pårørendes tilfredshet med behandlingen

5. Fyll inn kriteria for inklusjon i NIR, val frå intensivskjema er førehandsutfyllt. (Sjå mal for registrering i MRS)

Tilbake til pasientsiden

BEREDSKAPSREGISTRERING

- 1. Registrering**
- 2. Pasient
- 3. Diagnose for oppholdet
- 4. Behandling
- 5. Risikofaktorer

Sist lagret i dag kl. 10.29

Ferdigstille

1. Registrering

Har pasienten ligget > 24 t i intensivsenheten? Ja Nei

Har pasienten fått mekanisk respirasjonsstøtte noen gang i løpet av hele oppholdet (CPAP/maskeventilasjon/overtrykksventilasjon)? Ja Nei

*) For unntak – se hjelpetekst

Døde pasienten i løpet av de første 24 t på intensiv? Ja Nei

Ble pasienten overflyttet til annen intensivsenhet (ved eget eller annet sykehus) i løpet av de første 24 t? Ja Nei

Har pasienten fått infusjon av medikamenter for å endre hemodynamikk/sirkulasjon under oppholdet? Ja Nei

6. Fyll inn dato og tidspunkt for innleggning (versjon i kladd) og utskrivning (ferdigstilling)

Tilbake til pasientsiden

INFLUENSAREGISTRERING

- 1. Registrering**
- 2. Pasient
- 3. Diagnose for oppholdet

Sist lagret forrige fredag kl. 11.20

Ferdigstille

2. Pasient

Morsdato -

Innleggelse intensiv 03.09.2018 10:00

Utskriving intensiv 12.09.2018 10:00

Liggetid (døgn) 9

Alder ved innleggelse 39.1

7. Vel om pasienten er overført under pågående intensivbehandling, uavhengig om det er til eller frå di eining. Oppdater feltet ved utskrivning dersom det er endring. Kor pasienten er overført frå, eller blir overført til, først i intensivskjemaet som vanleg.

8. Vel om pasienten er i live eller død ved utskriving frå intensiv

[← Tilbake til pasientsiden](#)

BEREDSKAPSSREGISTRERING

- 1. Registrering >
- 2. Pasient >
- 3. Diagnose for oppholdet >

Alder ved innleggelse

Overført under pågående intensivbehandling

Status ut vår intensivsenhet

9. Vel diagnosekategori for oppholdet ved oppretting av skjemaet. Oppdater skjemaet med ein gong ved endring. Ved multiorgansvikt, vel kategori med den organsvikten som var mest uttalt under intensivoppholdet.

[← Tilbake til pasientsiden](#)

BEREDSKAPSSREGISTRERING

- 1. Registrering >
- 2. Pasient >
- 3. Diagnose for oppholdet >
- 4. Behandling >
- 5. Risikofaktorer >

3. Diagnose for oppholdet

Diagnose

Velg verdi

Påvist SARS-CoV-2

Påvist SARS-CoV-2 med pneumoni

Påvist SARS-CoV-2 med annen luftveissykdom

Påvist SARS-CoV-2 med annen organmanifestasjon

Mistenkt SARS-CoV-2

Mistenkt SARS-CoV-2 med pneumoni

Mistenkt SARS-CoV-2 med annen luftveissykdom

Mistenkt SARS-CoV-2 med annen organmanifestasjon

Vel den diagnose-kategorien som passar best ved oppretting av skjemaet. Dersom SARS-CoV-2 ikkje er bekrefta ved innlegging, vel den kategorien for mistenkt sjukdom som passar best. Så snart virussvar kjem, skal skjemaet oppdaterast med riktig kategori. Dersom SARS-CoV-2 blir påvist, vel ein den kategorien for påvist sjukdom som passar best. Dersom SARS-CoV-2 ikkje blir påvist, og ein finn sjukdom grunna SARS-CoV-2 lite sannsynlig, skal beredskapsskjemaet slettast. Dersom SARS-CoV-2 ikkje blir påvist, men mistanken om sjukdom grunna SARS-CoV-2 likevel er sterk, skal ein behalde kategori for mistenkt sjukdom ved ferdigstilling.

10. Hak av for om ECMO behandling er nytta under oppholdet. Dersom dette hakast av, skal dato og tidspunkt for start og stopp ECMO fyllast ut. Dette er for at ein skal kunne rapportere kor mange ECMO-maskiner som er i bruk for denne pasientgruppa til ei kvar tid.

[← Tilbake til pasientsiden](#)

BEREDSKAPSSREGISTRERING

- 1. Registrering >
- 2. Pasient >
- 3. Diagnose for oppholdet >
- 4. Behandling >
- 5. Risikofaktorer >

Sist lagret i dag kl. 9:34

Ferdigstille

4. Behandling

Høy-flow nasal oksygenterapi regnes ikke som mekanisk respirasjonsstøtte, og er heller ikke anbefalt til denne pasientgruppen.

ECMO behandling under dette intensivoppholdet

Start ECMO


Slutt ECMO

Varighet ECMO timer

Start mekanisk respirasjonsstøtte

Versjon 1.1

11. Set inn dato og tidspunkt for start og stopp mekanisk respirasjonsstøtte der dette er aktuelt. Feltet blir berre vist dersom ein har velt «ja» for mekanisk respirasjonsstøtte i Del 1 «Registrering».



Start mekanisk respirasjonsstøtte

Fyll inn dato og tidspunkt for oppstart av mekanisk respirasjonsstøtte så snart behandlingen er startet. Intensjonen med dette feltet er å kunne rapportere hvor mange respiratorer som er i bruk. Mekanisk respirasjonsstøtte er definert som behandling med overtrykk i tett system med maske (CPAP eller BIPAP) og/eller endotrakealtube/trakeostomikanyle. Høy-flow nasal oksygenerapi regnes ikke som mekanisk respirasjonsstøtte.

Intensjonen med dette feltet er å kunne rapportere kor mange respiratorar som er i bruk for pasientgruppa til ei kvar tid. Oppdater difor feltet så snart det skjer endring i behandlinga. Mekanisk respirasjonsstøtte er definert som behandling med overtrykk i tett system med maske (CPAP eller BIPAP) og/eller endotrakealtube/trakeostomikanyle. Høg-flow nasal oksygenerapi reknast ikkje som mekanisk respirasjonsstøtte, og er heller ikkje anbefalt for denne pasientgruppa grunna høg risiko for danning av smittsame aerosolar i lufta. Risiko for danning av smittsame aerosolar gjeld også for NIV, og ein må vere svært nøye med bruk av personleg verneutstyr dersom NIV nyttast til desse pasientane.

12. Hak av for om pasienten har risikofaktor(ar), og i så fall kva risikofaktorar. Her kan ein velje fleire.



Sist lagret i dag kl. 10.29

Ferdigstille

5. Risikofaktorer

Pasienten har risikofaktor(er) ⓘ

Nåværende røyker

Kreft

Nedsatt immunforsvar, inkludert HIV

Diabetes

Hjertesykdom, inkludert hypertensjon

Fedme (KMI>30)

Astma

Kronisk lungesykdom, unntatt astma

Nyresykdom, inkludert nyresvikt

Leversykdom, inkludert leversvikt

Kronisk neurologisk/nevromuskulær sykdom

Graviditet

13. Ferdigstill skjema med grøn knapp når pasienten skrivast ut.